

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUGKulturminnefagleg fråsegn - Plan for riggområde ved etablering av ny
hovudvassleidning - gnr. 185, bnr. 2, 4 og 5 – Isdal - Alver kommune

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Saka gjeld søknad om igangsetjingsløyve for etablering av ny vass- og avløpstrase med kummar. I gitt rammeløyve er det blant anna satt vilkår om at det skal ligge føre ein plan for riggområde og ein plan som syner plassering/mellomlagring av jord- og steinmassar i anleggsperioden. På innsendte situasjonsplan er det vist to moglege plasseringar av jord- og steinmassar og ein plassering av mannskapsbrakker i anleggsperioden.

Utsnitt frå vedlegg Isdal -Riggplan, tilføyd stad med automatisk freda kulturminne



Figur 1. Kart frå søknaden som viser omsøkte plassering av massedeponi. Automatisk freda gravhaug vist med rune-R.

I samband med søknaden har arkeologar frå Vestland fylkeskommune gjennomført ei synfaring på staden. Det vart då klart at gravhaugen er større enn det som er vist i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase Askeladden. Gravhaugen blei målt inn på ny 01.01.2020 og dette er nå retta opp i tilgjengelege kartdatabasar.



Figur 2. Ny innmåling av gravhaug

Vi syner til føresegn § 4.3.2 i kommunedelplan for Knarvik, Alversund med Alverstraumen og til kulturminnelova § 3.

«Ingen må - uten at det er lovlig etter § 8 - sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje.»

Den nære plasseringa/mellomlagringa av jord- og steinmassar ved den automatisk freda gravhaugen, Askeladden id. 97663 vil vere utilbørlig skjemmande, - og den endra aktiviteten i området vil auke faren for at gravhaugen blir skada, øydelagd, forandra eller tildekt (sjå figur 2 og 3).

Tiltaket krev soleis dispensasjon frå kulturminnelova, § 3. Vi har ikkje motteke slik søknad.



Figur 3. Svart ring viser automatisk freda gravhaug, raudt rektangel viser ønska plassering av massedeponi.

Konklusjon

Seksjon for kulturarv ved Vestland fylkeskommune *rår i frå* plassering av massar ved den automatisk freda gravhaugen, som vist på figur 1, og ber kommunen godkjenne alternativ lagringsplass for mellomlagring av jord- og steinmassar som vist på gnr. 185, bnr. 41.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
Fagleiar arealplan

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift

Kopi til:
STATENS
VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål